

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 223, FA - U01	17/295

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2017	Næringsfondsstyret	PS	21.11.2017

Framlegg til vedtak - søknad om tilskot til kjøp av lastebil.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 499 301,- i tilskott (35 % av søknadsgrunnlaget) og kr. 213 986,- i lån (15 % av søknadsgrunnlaget) frå næringsfondet til delfinansiering av innkjøp av lastebil for Modalen Kraftlag SA.

Løyvinga er knytt til investering i lastebil i samband med utbygging av 3 nye småkraftverk, jfr. søknad.

Vilkår for utbetaling av tilskot:

Tilskotet kan utbetalast på grunnlag av medgåtte kostnader i høve til kostnadsoppsettet som ligg til grunn for tilsegnet. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.

Utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

Vilkår for utbetaling av lån:

Innvilga lån vert utbetalt etter framlagt dokumentasjon av fullfinansiering.

Denne tilsegna må nyttast innan 1 år frå tilsegnsdato, ellers fell den bort. Det er høve til å søkje forlenging av fristen.

Lånevilkår:

Lånet kan utbetalast når investeringane er gjennomført. Lånet skal attendebetalt med like store avdrag over 5 år.

Lånerenta vert berekna etterskotsvis basert på den til kvar tid gjeldande renta for lån i Næringsfondet.

Utbetaling av lån over kr 50.000.- skal sikrast med tinglyst pantekrav med prioritet etter andre lån til selskapet.

Andre vilkår:

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flyttar frå

kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m.v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til anna føremål enn føreset innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakaren pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen Kraftlag SA har fått konsesjon på 3 nye småkraftverk. Dette utløyser behov for å styrkje verksemda med ein lastebil. Arbeidet med å byggje ut dei 3 kraftverka vil gå føre seg i ein periode som strekkjer seg min. ut 2020. Ved å gå til innkjøp av lastebil nr. 2 kan søkjar både handtere løpande oppgåver, samt sikre utbygginga. Når utbyggingsperioden er over legg søkjar til grunn at aktiviteten er på eit nivå som forsvarer behov for 2 lastebilar. Søkjar planlegg å auke bemanninga med 1 tilsett.

Søkjar har følgjande finansieringsoppsett:

Totale kostnader:	Kr. 1 426 575,-
Eigenkapital:	Kr. 300 000,- (21,03 %)
Lån i bank:	Kr. 413 287,- (28,97 %)
Tilskot frå NF:	Kr. 499 301,- (35 %)
Lån frå NF:	Kr. 213 986,- (15 %)

Vurdering

Næringsfondsvedtektene

Føremålet med næringsfondet er m.a. å bidra til tiltak som fører til vidareutvikling av verksemder, auka sysselsetjing og busetnadseffekt. Omsøkte tiltak treff på vidareutvikling ved at verksemda kan ta til å byggje 3 nye småkraftverk. Dette vil styrkje verksemda på kompetanse, driftsmiddel og bemanning. I tillegg vil det styrkje den framtidige driftssituasjonen. At søkjar ser føre seg auka bemanning (1 tilsett) er verdfullt i eit lite samfunn som Modalen. Dette inneber at kompetanse innanfor næringa vert styrka og vidareført, noko som også styrkjer føresetnader for sysselsetjing. Arbeidsplassar og aktivitet bidreg til at folk vel å busetje seg i kommunen.

Strategisk næringsplan

I planen er eit av *fokusområda* naturressursar og *mål* om at Modalen skal utvikle bærekraftige næringar basert på lokale naturressursar. *Strategien* er å legge til rette for næringar som byggjer på lokale ressursar. Som *tiltak* er det vedteke at kommunen aktivt skal støtte verksemder som ynskjer å byggje på lokale naturressursar gjennom m.a. støtte frå næringsfondet. I tillegg skal me leggje til grunn ei ja-haldning som rettar seg mot berekraftig foredling av naturressursar. Modalen Kraftlag SA representerer mykje av dette gjennom utbygging og drift av småkraftverk.

Søkjar står i ein posisjon kor det vert vurdert i forhold til vidareutvikling og satsing inn i framtida. Selskapet er ein motor innanfor næringa i Modalen og syt for at det i lokalsamfunnet finns kompetanse på utbygging og drift av kraftverk. For Modalen er dette ein samfunnsverdi og bør foredlast vidare.

Konklusjon

Rådmannen vurderer omsøkte prosjekt til å bli plassert i rettleiande tildelingskategori 3 (jfr. strategisk næringsplan) kor samla stønad inntil 50 % av totale kostnader kan vurderast. Modalen Kraftlag SA er ei verksemd som har relativt få tilsette, men som har stor lokalsamfunnsverdi gjennom forvaltning av vasskraftsressursar. Kraftlaget har i tillegg både høg historisk og samtidsverdi m.a. gjennom å vere ein lokal straumleverandør både *for* og *av* innbyggjarane.

Når selskapet no tek steg for å utvide aktiviteten vert det vurdert som eit tegn på at utvikling finn stad. I samband med den relevansen selskapet har i Modalen og at det vert tatt utviklingssteg for å sikre verksemda vidare, løyver Modalen kommune gjennom næringsfondet inntil 50 % stønad til Modalen Kraftlag SA.

Næringsfondsstyret - 020/2017

NF - behandling:

Ordførar erklærte seg ugild i saka då han er gift med styreleiar i Modalen kraftlag. Frank Stian Steinsland kom inn som vara for ordførar. Det vart vurdert om han og er ugild i saka sidan han er tilsett i Modalen kraftlag. Same vurdering har vore gjort for Frank Stian i tidlegare saker som omhandlar Modalen kraftlag, men konklusjonen vart som ved dei tidlegare vurderingane tilfella at Frank Stian er habil til å vere med å handsame saka.

Liv Anne Aanensen vart utpeikt som ordstyrar i saka, då både ordførar og varaordførar ikkje var tilstades under handsaminga.

Utviklingssjef Ove Sæbø orienterte kort om søknaden og kriterier for handsaming av søknader til Næringsfondet, utifrå vedtekne gjeldane vedtekter og strategisk næringsplan.

Kjetil Eikefet stilte spørsmål ved om det er eit vilkår for tildelinga at Modalen kraftlag skal tilsetje meir personell, og kva skjer i så fall dersom dei ikkje tilset fleire? Utviklingssjef orienterte om at det ikkje er vilkår om tilsetjing i tildelinga.

Ved avstemming vart framlegget til vedtak samrøystes vedteke.

NF - vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 499 301,- i tilskott (35 % av søknadsgrunnlaget) og kr. 213 986,- i lån (15 % av søknadsgrunnlaget) frå næringsfondet til delfinansiering av innkjøp av lastebil for Modalen Kraftlag SA.

Løyvinga er knytt til investering i lastebil i samband med utbygging av 3 nye småkraftverk, jfr. søknad.

Vilkår for utbetaling av tilskot:

Tilskotet kan utbetalast på grunnlag av medgåtte kostnader i høve til kostnadsoppsettet som ligg til grunn for tilsegnet. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.

Utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje

forlenging innan fristen for gjennomføring.

Vilkår for utbetaling av lån:

Innvilga lån vert utbetalt etter framlagt dokumentasjon av fullfinansiering.

Denne tilsegna må nyttast innan 1 år frå tilsegnsdato, ellers fell den bort. Det er høve til å søkja forlenging av fristen.

Lånevilkår:

Lånet kan utbetalast når investeringane er gjennomført. Lånet skal attendebetalast med like store avdrag over 5 år.

Lånerenta vert berekna etterskotsvis basert på den til kvar tid gjeldande renta for lån i Næringsfondet.

Utbetaling av lån over kr 50.000.- skal sikrast med tinglyst pantekrav med prioritet etter andre lån til selskapet.

Andre vilkår:

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flyttar frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalast heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m.v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadmottakaren pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksending i dette tidsrommet.

Vedlegg:

Næringsfondet - Søknad om tilskot til kjøp av lastebil